



# PM Vikesprinten 2018

- Kartet er i målestokk 1:7500, 5 ekv, for alle løypene bortsett frå N- og C-løypa som er i målestokk 1:5000.
- Relativt flatt men tungløpt skogsterreng med mange myrar og tettare brakjeparti men også opne område, men med ein del stiar for dei yngste.
- Dei siste dagane har det dessverre uventa blitt hogd ein del tre rundt samlingsplassen og på veg til dei første postane i N- og C-løypa. Beklagar ulempene dette medfører.
- Dei som ynskjer backup-lapp får dette i sekretariatet.
- Kart for N-løypa og C-løypa blir delt ut i sekretariatet, og det er fri start for desse.
- N- og C-løypa har start ved sekretariatet. Alle andre følgjer vegen nordover 600m til start.
- Løpstida for kvar løpar på fellesstartane byrjar å gå i det ein løftar brikkar frå startbukken. Møt opp i god tid til din fellesstart bak kartet med ditt namn på.
- Det er ikkje startpost. Starttrekanten er på startpunktet.
- Lang og Kort løype er gafla etter "sommarfuglmetoden". Det vil seia at alle skal innom alle postane men i ulik rekkefølge.
- Første kvinne/jente og mann/gut over målstreken er vinnar av Vikesprinten uavhengig av kva strekktidslappen viser som løpstid (då det ikkje er mogleg at alle nullar brikkene samstundes på start) ☺
- Kafé/kiosk med sal av kaker, frukt, boller, kaffi/te, brus, farris. Det blir tent grill på samlingsplass, så ta med grillmat om du vil grilla!
- Lukke til med tette duellar, helsing Vikebygd IL!